



Haakon Aase Tørrmuring  
Littlebergen 29  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2863 - 17/22774

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
13.11.2017

## Løyvingsbrev Gbnr. 26/5 Sundet SMIL 2017 - tilskot til inngjerding av beite

Administrativt vedtak. Saknr: 297/2017

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 10.11.2017.

Meland kommune vart for 2017 løyvd kr 250.000 i SMIL-midlar frå Fylkesmannen i Hordaland. Utval for drift og utvikling vedtok i møte 19.04.2016 ein ny SMIL-strategi for 2016-2019 med prioriteringar og satsar for kostnader. Søknadsfrist var 01.06.2017 og 10.11.2017. Då søknadsfristen gjekk ut hadde Meland kommune motteke 13 søknader, m.a. frå Haakon Aase Tørrmuring v/ Haakon Gunnar Aase for Gnr.26. bnr. 5.

Haakon Gunnar Aase har søkt om tilskott til: Inngjerding av beite. Tiltaket ligg i LNF-området i arealplanen og kommunen har ikkje registrert viktige miljøverdiar på arealet.

Vedlegg til søknaden som er levert:

- Kart over tiltaket
- Bilete

Bruket har eit jordbruksareal på 17,1 daa, 39,1 daa skog og 5,2 daa anna areal. Driftsforma på bruket er sauehald.

Av SMIL-strategien går det fram at kommunen vil prioritere bygningar/byggverk, bygningsmiljø og landskap som er representative og særmerkt for vårt område, og bygningar som kan skape næringsaktivitet. Kommunen meiner det er viktig å sjå dei ulike tenesteområda i samanheng og byggje vidare på tiltak som allereie er i gong, t.d. beiteprosjekt, gamle turvegar m.m. Nyetablerte kan prioriterast. Det vert sett krav om at før utbetaling kan skje til nyetablerte, må det vere beitedyr på garden.

## Vedtak

"Meland kommune løyer 19 300 kr i tilskot til Haakon Aase Tørrmuring v/ Haakon Gunnar Aase på Gnr. 26 bnr. 5. Løyvinga er eit eingongstilskot. Vedtaket har heimel i §§ 5 og 8 i Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Løyvinga vert gitt på følgjande vilkår:

Generelle vilkår:

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå løyving: 01.12.2020.
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving, seinast ein månad før oppsett frist går ut.
- Søkjar har forplikta seg i høve til ein rekkje punkt ved underskrift av søknadsskjema, jf. punkt 5 i søknadsskjema.
- Løyving av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjend i høve til anna regelverk. Det er difor viktig at søker før gjennomføring av tiltak gjer seg kjend med aktuelle lover og forskrifter.

Særskilde vilkår – beite:

Omsøkt areal bør nyttast til beite/slått i inntil 10 år etter at tiltaket er gjennomført. Kommunen minner om at det på gamal kulturmark ikkje bør oppgjødslast eller nyttast fullgjødsel. Dette er viktig for å ta vare på breidda av det stadeigne artsmangfaldet. Ved gjerding skal gjerdet ha ein 4 mm overstreg og bensel mellom kvar stolpe, det vert i tillegg sett krav om at det er understreng ved hald av småfe, og tilrådd ved hald av andre beitedyr, for å sikre god stabilitet og lengre levetid.

Regional kulturminneforvaltning:

Kulturminne og kulturmiljø som er freda etter Kulturminnelova, skal handsamst særskild. Regional kulturminneforvaltning må kontaktast ved t.d. istandsetting av freda bygning eller skjøtsel kring ein automatisk freda gravhaug, dersom dette går ut over tradisjonell bruk av området til slått eller beiting.

Utbetaling av tilskot og utsetjing av arbeidsfrist:

- Tilskot vert utbetalt når tiltaket er gjennomført i tråd med løyvinga.
- Søknad om delutbetaling av inntil 75 % av løyvd tilskot når tilsvarende mengd arbeid er utført.
- Resterande del på 25 % vert utbetalt når tiltaket er fullført og sluttrekneskap er godkjend av kommunen.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister, faktura og foto. Meland kommune har utarbeidd skjema til dette.
- Til utbetaling vil konto som oppgjeve på søknaden verte nytta. Søkjar plikter å informere skriftleg om endringar.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad før.

Kontroll:

Kommunen kan kontrollere at arbeid er gjort som omsøkt, jf § 9. Sakshandsamar hos Fylkesmannen kan også synføre tiltak. Statens Landbruksforvaltning eller Riksrevisionen kan krevje naudsynte opplysningar og kontrollere at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane.

Omgjering av vedtak:

Kommunen kan omgjere vedtak om løyvd tilskot dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for løyvinga eller tilskotsordninga, jf. § 10. Kommunen minner om at løyvd tilskot kan trekkjast attende, heilt eller delvis, dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for

**Mottakere:**

Haakon Aase Tørrmuring

Litlebergen 29

5918

FREKHAUG



## Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket

Søknaden skal sendast kommunen der prosjektet/tiltaket skal utførast.  
Kommunen kan sette søknadsfrist.

Tøm skjema

### 1. Grunnopplysninger

Organisasjonsnr. (9 siffer) 986141448	Namn på føretaket Haakon Aase Tørrmuring		Kontonr. (11 siffer) 36325347249		
Etternavn Aase		For- og mellomnamn Haakon Gunnar			
Adresse Litlebergen 29		Postnr. 5918	Poststad Frekhaug		
Telefonnr./mobiltelefonnr. 56179015/90120426		E-postadresse k-fluge@online.no			
Føretaket sitt driftssenter		Registrert for meirverdiavgift <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			
Kommunenr. 1256	Gårdsnr. 26	Bruksnr. 5	Festenr.		
Ansvarleg for produksjon med rett på produksjonstilskot Namn på den som driv produksjon med rett på produksjons-tilskot på landbruks eiendommen, dersom søkeren sjølv ikke er rettkomen produksjonstilskot.				Namn på føretaket	Organisasjonsnr. (9 siffer)

### 2. Opplysnings om prosjektet/tiltaket (Du må fylle ut eitt skjema pr. prosjekt/tiltak)

Søknaden gjeld tilskot til <input checked="" type="checkbox"/> Kulturlandskapstiltak <input type="checkbox"/> Forureiningsstiltak <input type="checkbox"/> Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt			
Søknadstype <input checked="" type="checkbox"/> Hovudsøknad <input type="checkbox"/> Tilleggssøknad		Tiltaksstype <input checked="" type="checkbox"/> Enkelttiltak <input type="checkbox"/> Fellestiltak Tal på deltakarar <input type="checkbox"/>	
Kort om føremålet med prosjektet/tiltaket Inngjerding av utmark /skog og tidlegare skogteig			
Utfyllande utgreling av prosjektet/tiltaket Ynskjer å gjerde inn eit område som ligg i tilknytning til noverande beiteområde på gnr 26 bnr 1. Me har teke ut litt skog i dette området etter storstormen for nokre år sidan, og ser at det gror svært fort til med kraft, grasvekster og småskog. Inngjerdinga tenkjer me skal omfatte eit noko større område enn der me tok ut skog. Viser til vedlagt kart. Det finns lyng, gras- og kraftvekstar i heile området, sjølv om det er merka som skog i Gardskartet. Målt areal: 11,7 da - 510 m. gjerde.			
Når er prosjektet/tiltaket planlagt ferdig? 2019			
Bruksmåte, vedlikehald og oppfølging etter at prosjektet/tiltaket er avslutta Beiting og vanleg tilsyn med gjerde.			

### 3. Opplysnings om status på området/objektet (legg og ved informasjon om funn, dato og kjelde for funn)

Området sin planstatus i kommuneplanen sin arealdel og ev. reguléringsplan Lnf
Dersom nokre av punkta under er aktuelle tilknytt prosjektet/tiltaket, set kryss
<input type="checkbox"/> Området/delar av området er salt av til hensynsone etter plan- og bygningslova. I tilfelle, til kva føremål?
<input type="checkbox"/> Området/delar av området er ein utvald naturtype, inneheld prioritert art med ev. økologisk funsionsområde, og/eller er verna eller naturmangfaldlova?
<input type="checkbox"/> Området/objektet er freda eller føreslått freda etter kulturminnelova?
<input type="checkbox"/> Området/objektet ligg innanfor eller er føreslått å ligge innanfor sikringssona for automatisk freda kulturminne?
<input type="checkbox"/> Området er prioritert for vannmiljøtiltak?
Anna relevant informasjon om området/objektet (sjå rettleilinga)

## 8. For kommunen (vurdering, vedtak og kontroll)

Prioritering av prosjekt/littak, og relevans, i høve til lokal tiltaksstrategi

Nr. 10

Prosjektet gjeld (for rapportering i fagsystemet): Set ettt kryss

- |   |   |  |
|---|---|--|
| <input type="checkbox"/> Biologisk mangfald           | <input type="checkbox"/> Miljøretta omlegging i kornområder       | <input type="checkbox"/> Landskapsplanling                         |
| <input checked="" type="checkbox"/> Gamal kulturmark  | <input type="checkbox"/> Høylerkeanlegg                           | <input type="checkbox"/> Vegetasjonssoner                          |
| <input type="checkbox"/> Tilgjenge/opplevingskvalitet | <input type="checkbox"/> Oppsamlingsanlegg for avløp fra veksthus | <input type="checkbox"/> Fangdammar og våmarker                    |
| <input type="checkbox"/> Verneverdige bygg            | <input type="checkbox"/> Hydrotekniske anlegg                     | <input type="checkbox"/> Andre forureiningstiltak                  |
| <input type="checkbox"/> Andre kulturminne/-miljø     | <input type="checkbox"/> Klimaplanting/leplanting                 | <input type="checkbox"/> Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt |

### Vurdering

Søknaden <input checked="" type="checkbox"/> Løyvd som omsøkt	X Løyvd med endring	Merknadar Vi har gjødslingsplan og sprøtejournal.
<input type="checkbox"/> Avslelse	<input type="checkbox"/> Avvist	
Godkjent kostnadsoverslag	kr 38600	
Godkjent tilskotsgrunnlag	kr 38600	
Tilskotssats	50 %	
Løyvd eingongstilskot	kr 19300	
Arbeidsfrist blir sett til	01.12.2017	
Stad og dato Trekhaug 13/11/17	Underskrift MELAND KOMMUNE Planfutkrag - komunalteknikk	
Eventuelt forlenga arbeidsfrist er sett til:		
Eventuelle merknader		
Stad og dato	Underskrift	

### Kontroll

Kva blei kontrollert	Date for kontroll
Resultat av kontrollen	
Stad og dato	Underskrift

### Ferdiggodkjenning

Dato for skriftleg oppmodning frå søkjaren om utbetaling

Dato for ferdiggodkjenning av arbeidet	Dato for godkjenning av sluttrekneskapet
Tilskot på kr	tilvist for utbetalig frå fylkesmannen.
Eventuelle merknader	
Stad og dato	Stempel og underskrift